



Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hilde Ordemann, 5557 2212

Høyringsuttale til midlertidig forskrift om forenklingar og tiltak for barnevernet og fylkesnemnda for å avhjelpe konsekvensar av utbrot av Covid-19

Fylkesmannen i Vestland støttar i hovudsak Barne- og familiedepartementet sitt forslag til midlertidig forskrift om forenklingar og tiltak for barnevernet og fylkesnemnda for å avhjelpe konsekvensar av utbrot av Covid-19.

Vi er einig i at situasjonen for barn i fosterheim og på institusjon er særleg sårbar nå, og støtter difor at det nødvendig å gjennomføre tilsyn både i fosterheimar og på institusjonar. På bakgrunn av situasjonen er vi einig i at tilsynet må kunne gjennomførast på telefon eller videochat.

Vi kan ikkje sjå at omsynet til sikker kommunikasjonsløyising er tatt opp i forslaget. Etter vårt syn vil tilsyn og tilsynsbesøk kunne gjennomførast på ein sikker måte per telefon. Dette vil likevel ha nokre avgrensingar, særleg ved samtaler med barn. Det er derfor ønskeleg å kunne bruke videochat til slike samtalar. Vi er kjend med at det finnast sikre løysingar for videochat, til dømes ved løysingane Visibacare og Confrere. Dette er mellom anna nytta i helsetenesta. Vi er usikker på i kva grad sikre kommunikasjonsløyisingar finnast i kommunar og hos fylkesmenn. Av omsyn til barnet, meiner vi uansett at kommunikasjonsløyisinga må vere sikker. Vi meiner derfor at det i § 7 må gå frem at tilsynsbesøk kan bli erstatta med andre **sikre** kommunikasjonsformer.

Vi er einig i forslaget om å gi Bufetat midlertidig mynde til å bestemme at barn skal flytte mellom institusjonar og at det må stillast strenge krav til Bufetat sine avgjerder. Vi er einig i at barnets behov må ligge til grunn for flyttinga i det einskilde tilfellet. Vi meiner og at det er viktig at avgjerdene blir dokumenterte. Det er etter vårt syn særleg viktig at medverknad frå barnet blir dokumentert, under dette vurderinga av informasjon frå barnet.

Med helsing

Øystein B Jacobsen
seksjonsleiar

Hilde Ordemann
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

